

## Referat frå styremøte på Sødorp Gjestgivergård, 17. januar kl. 10.00

**Desse møtte:** Arnfinn Beito, Anne Kari Veikleenget, Bjørn Even Stenberg, Gro Arneng, Ola Hareland, Eirik Kolbjørnshus og Pål Kjorstad.  
Forfall: Ellen M. Syse

### **Sak 1/2019: Referatsaker**

- Referat frå styremøte 14.11.2018, godkjent
- Dialogmøte SNO på Hunderfossen, Arnfinn møtte
- Møte i rovviltnemnda, Lillehammer, 19.12.2018, Arnfinn møtte
- Det er sendt inn forslag på valg og kandidatar til utmerkingar i NSG, OSG støtter i tillegg forslag på Gromsauprisen, sendt inn frå Nord-Trøndelag Sau og Geit
- Valgnemnda v/Anita Schjøll er varsle og har fått info om valget i OSG
- Felles årsmøte Dovre og Lesja Sau og Geit, Arnfinn møtte med foredrag
- Seminar og dialogmøte rovviltnemnda 16.01.2019, Arnfinn og Pål møtte

### **Sak 2/2019: Årsmøte og seminar 22.-24.02.2019**

Årsmøte- og seminarhelga vert arrangert saman med Buskerud Sau og Geit der alle årsmøta òg er ope for alle. I tillegg vil det bli innlegg og stands frå samarbeidspartar og småferelaterte firma i forhold til seminarprogrammet:

Fredag 22/02:

- kl. 12.00: Deler av styret møter
- kl. 15.00: Oppmøte og innsjekking er ope for seminardeltakarar og utsendingar
- kl. 16.00: Årsmøter i Ring 41 Oppland
- kl. 17.15: Framtidas saueavl v/Thor Blichfeldt
- kl. 19.00: Pause
- kl. 19.30: Middag, bufè

Laurdag 23/02:

- kl. 09.00: Årsmøter i OSG m/generaldebatt
- kl. 13.00: Lunch
- kl. 14.00: Årsmøtet fortsetter
- kl. 16.30: Organisasjonsarbeid i NSG, v/Ken Lunn
- kl. 17.45: Pause
- kl. 18.45: Premiesamling
- kl. 19.30: Årsmøtemiddag

Søndag 24/02:

- kl. 09.00: Utfordringar i beiteområde v/Jonny Mathisen
- kl. 10.00: Nortura v/Erling Skurdal
- kl. 10.30: Husdyrssystemer v/Knut Bergene
- kl. 11.00: Generasjonsskifte v/Gro og Ingrid Arneng
- kl. 11.30: Generasjonsskifte v/Unn Randi og Per Liahagen
- kl. 12.15: Nyheter innan elektronisk overvakning v/Telespor og Findmy

Andre saker rundt arrangementet:

- Styret i OSG vil gje gratis opphold til utsendingar/seminardeltakarar under 35 år
- Sakliste og fordeling av arbeidsoppgåver på årsmøtet ble diskutert
- Vi må forberedra oss på saker til generaldebatten på årsmøtet i OSG, da vi bør prøve så langt som råd er å svara på desse sakene der og da.

- Fremme saker til årsmøte i OSG 23/02 2019 – a) Økonomi i sauehaldet – Arnfinn, b) Økonomi i geitehaldet - Gro, c) «Vanlege» årsmøtesaker.
- Det var kome inn forslag på namn på kandidatar til utmerkingar på årsmøtet. Styret i OSG godkjente saker om utdeling av diplom på årsmøtet.
- Blomar, Eirik ordnar med blomar etter råd frå Pål om antall.
- Premier, Gjetarhund: Erling Skurdal – ansvar Arnfinn Beito, Beste vær/beste spæl: Hans Petter Vaberg – ansvar Anne Kari Veikleenget, Beste bukk: Gro Arneng – ansvar Gro Arneng
- NSG-butikk: Anne Terningen
- Velkome, ansvar: Bjørn Even, Ellen og Anne
- Buss – Bussen går frå Lom, via Dokka til Storefjell. Vi vil ha på minibuss frå Lesja/Dovre til Otta.
- Pål har ansvaret for påmelding, kontakt med hotellet og busser

#### **Sak 3/2019: Rovvilstsaker**

- Rapport Prosjekt Fron Vest og Sør-Aurdal vart lagt ved innkallinga.
- Beitetall 2018, vedlagt som link til innkallinga.
- Erstatningssaker, klager. Mange ufullstendige søknader, mange sender ikkje søknad og mange blir avkorta i forhold til § 8. Fleire har hatt behov for hjelp.
- Demonstrasjon Oslo. OSG stilte med dette påmeldingspersonellet for Oppland: Erik Bakken, Tormod Rusten, Per Sveahaugen, Jonny Mathisen, Marthe Dypdal, Knut Evensen, Marthe Lang-Ree, Olaf Sønstegård, Kristina Hegge, Hans Erling Ringvold, Wenche Rustad Wangen, Sondre Imsgard, Oddgeir Hilmen-Fodnes og Arnfinn Beito. Jonny Mathisen og Pål Kjorstad hadde saman med Ola Råbøl hovudansvaret, og rovviltkonto til OSG vart/er i bruk for det økonomiske oppgjeret.
- Rovviltutvalget i Oppland, har arbeida ut rapport i årsmeldinga og sak til årsmøtet i OSG.

#### **Sak 4/2019: Geitesaker**

- Gro orienterte:
- Nok ein gong er geitehaldet i Oppland, og resten av landet under sterkt press. Denne gongen er det reduserte kvoter, auka omsetningsavgift og nedjustering av kvalitetsbetaling på mjølk som gir svært uheldige utslag hos de fleste geitehaldarar. Pr. i dag er kvalitetsbetalinga pr. liter mjølk ein god del høgare på geitemjølk enn det den er på kumjølk. Dette har TINE satt seg fore å utjevne ved å redusere i kvalitetsbetalinga til geitemjølksprodusentane. Vedtak gjort i styret i desember 2018 gjev ein prisnedjustering pr liter elitemjølk på 20 øre frå første mars 2019. Ved nytår auka omsetningsavgifta på mjølk med 6 øre pr. liter. Dette kjem i tillegg til reduksjon i kvote på 6%.
- Alle geitebønder i Norge har vore i gjennom ei vesentleg investering i drifta si dei siste 15 åra. Då dette arbeidet i forbindelse med smittesanering vart gjort, låg sjølvsagt heile kvota på kvar enkelt gard til grunn i investeringsgrunnlaget. Dei færreste rekna med å måtte redusere antall leverte liter og attpå til få redusert betalt. Med tru på framtida og med lovnader frå TINE investerte mange geitehaldarar i gardane og driftsapparata sine. Med god støtte frå TINE rådgjeving vart kostnadsoverslag og dekningsbidrag utrekna. Signalet frå TINE var klart og tydeleg: berre produsentane fekk orden på dyrehelsa og betre kvalitet på råvara så kunne ein i TINE utvikle og marknadsføre kanskje verdas beste geitostar. Og TINE lagar faktisk faktisk geitostar i

verdsklasse, både brune og kvite! MEN DEI KJEM IKKJE FRAM TIL FORBRUKAR! Det må meir marknadsføring til og varene må få plass i hyllene for å auke salget.

- Eit bruk med 80000 kg kvote vil med dagens forholdstal måtte levera 5000 liter mindre enn potensialet og i tillegg miste 26 øre pr. liter levert mjølk. Det kan utgjera over 60000 kroner i året, litt avhengig av prisone og kvalitetstillegg.
- OSG spelar dette inn til NSG med beskjed om at NSG saman med faglaga sentralt må ta tak i denne saka eller på anna måte kompenserer dette i jordbruksavtala.

#### **Sak 5/2019: Saker frå Ring 41/avlsutvalget**

- Ingen nye saker sidan sist

#### **Sak 6/2019: Gjetarhundsaker**

- Fylkesmester i Oppland vart Torkjel Solbakken m/Slip
- 2 frå Oppland kom til NM-finala.
- Eirik orienterte om gjetarhundarbeid i Oppland 2018, mykje av dette vert skrive i årsmeldinga OSG.
- Det er laga eit innspel til Gjetarhundnemnda omkring dommarsamlingar sentral m.o.t. kor ofte slike samlingar skal haldast og økonomien i dette for gjetarhundlaga. Skrivet er sendt til NSG v/gjetarhundrådet og er slikt:

*Innspill til drøfting rundt dommere og dommersamling.*

*Vi er så heldige å ha 5. dyktige dommere i Oppland. Dette er noe av grunnen til at vi kan avholde mange prøver, og opprettholde et godt konkurransemiljø for gjeterhunden. Videre vil dette gjøre at vi har mange som bruker hunden i det praktiske på gården og i fjellet.*

*Vi ønsker å ta vare på dommerne våre på en best mulig måte og oppgradere de når det trengs. Hvert år avholdes det dommersamling i regi av NSG. Dette har blitt en stor del av budsjettet til Oppland Gjeterhundlag, og på sist årsmøte måtte vi vedta at dommerne våre får dekket bare annenhver samling. Dette er vi ikke alene om. Flere av våre dommere har også sagt at det var lite nytt på samlingene for de som er aktivt med i konkurranser. Vi i Oppland Gjeterhundlag spør oss da:*

*Er det for ofte dommersamlinger i NSG, og er alle samlingene nivåhevende for landets dommere?*

*Vi har og sett at alle dommerne i landet er «eid» av fylket sitt i form av NSG sine fylkeslag eller underliggende gjeterhundlag til fylket. Men en dommer kan reise rundt i hele landet å dømme prøver etter reglement fastsatt av NSG (noe vi ser på som positivt). Dette bringer oss et nytt spørsmål:*

*Hvem bør ha eierskap til dommerne i Norge da de er NSG sine representanter når de reiser rundt og dømmer?*

*Vi har ingen klare løsninger på disse spørsmålene, men i felleskap med dommerne og gjeterhundrådet tror vi tiden er moden for å diskutere dette.*

*Vi foreslår dette som en mulig løsning:*

1. *Dommersamling annenkvarter år og dommerne må møte på minst annenkvar samling.*
2. *NSG dekker oppholdet og eventuelt reise.*
3. *Trenger NSG å dekke inn utgiftene kan de legge på enda høyere prøveavgift.*

*Vi ønsker at NSG får en god dommersamling i slutten av januar.*

- Det er laga eit standarddiplom til bruk for premiar/bruksprov
- Årsmøte i OGL vert halde 2.veka i februar

#### **Sak 7/2019: Info og drøfting rundt ei framtidig samanslåing av HSG og OSG**

Arnfinn orienterer om saka, eit av tiltaka er førebels at vi bør slå oss saman til Innlandet Sau og Geit med 4 regioner, 2 i Hedmark og 2 i Oppland. Samanslåinga må drøftast på årsmøte i OSG.

Pål orienterte frå leiarmøter i Trøndelag og Hedmark

Lagslovene i NSG sørger for at både samanslutning og ikkje samanslutning er innanfor lovene.

- § 2 Organisasjonsform
- Medlemene i NSG vert organisert i lokallag av NSG. Lokallaga i eit fylke skal slutte seg saman til eit fylkeslag, men ved nye samanslåingar av fylker står fylkeslaga fritt i om dei vil halda fram som før eller slå seg saman.
- § 26 Samanslåing av fylkeslag
- Samanslåing av fylkeslag med overføring av medlemar til eit nytt fylkeslag, kan skje etter årsmøtevedtak med 3/4 av dei avgjevne stemmene, eventuelt etter fleirtalsvedtak på to etterfølgjande årsmøte.
- Samanslåing av fylkeslag må godkjennast av styret i NSG.
- Laga sine eigedommar, kapital, rettar, gjeld og andre plikter tilførast det nye laget. Eit fylkeslag kan ikkje leggast ned jmf. § 2, 1. avsnitt.

Momenter:

- Dagens situasjon, fungerer det?
- Avstandar mellom laga, fysiske møter, leiarmøter, regionmøter
- Representasjon årsmøte NSG, nå 7, eit lag: 5.
- Kva gjer faglaga og skal vi eventuelt følga dei?
- Roviltnemndene/sonene, skal dei slås saman?
- Fylkesmannen, landbruksavdelinga er slått saman, er det eit moment?
- Namn/heimeside
- Organisatorisk oppretta ein ny aktør/leggja ned førre
- Ringer/avlsutvalg?
- Radiobjøllelag?
- Gjetarhundlag/nemnd?
- Større aktør, men større eller mindre engasjement?
- Administrativ stilling, 1/1?
- Store/krevjande endringar
- Fleire er i tenkefasen

Samanslåinga vart diskutert, og dette er ei svært vanskeleg sak å ta på strak arm.

Vedtak: Det vart vedteke at vi spør årsmøte kva dei vil i forhold til prosessen i året som kjem.

### **Sak 8/2019: Oppland Radiobjøllelag**

Det er gjort avtale om kompensasjon med Telespor om fjarårets svikt bl.a. i Fron Vest.

Vi fekk kr. 260.000,- i restmidlar av FKT-potten etter søknad

Det er gjort avtale med Findmy om innkjøp vårsskifte med betaling i mars

Det arbeidas med å få på gang ein backup for Pål til hjelp i den hektiske perioda i vår.

### **Sak 9/2019: Leiarmøter/regionmøter i OSG januar 2019**

Vi er midt i regionmøta og var på Odnes i går og skal til Vinstra att i kveld etter dette oppsettet og saklista:

Tysdag 15. januar 2019 kl. 19.00 – Bjørnen Kro, Odnes

Torsdag 17. januar 2019 kl. 19.00 – Sødorp Gjestgivergård, Vinstra

#### Sakliste:

1. Opning, namneopprop og velkome v/Arnfinn Beito
2. Saker frå lokallag og beitelag – KOM MED INNSPEL OG SAKER!!
3. Informasjon frå NSG v/Pål Kjorstad
4. Orientering frå valnemnda v/Anita Schjøll/Ola Kjorstad
5. Saker frå fylkeslaget – spørsmål/diskusjon v/Arnfinn Beito

### **Sak 10/2019: Årsmelding OSG**

Årsmeldinga i år vil bli forsinka, da bl.a. FM v/Sidsel ikkje har tid før ved månadskifte jan/feb. Pål har ansvaret som før, men Arnfinn må syta for leder, Eirik for gjeterhundstoff og Anne Kari syter for at avlen kjem med sitt.

### **Sak 11/2019: Rekneskap OSG 2018**

Rekneskapen vart lagt fram på møtet og godkjent.

### **Sak 12/2019: Sponsor OSG**

Sponsoravtalane går ut i 2019, og det er tid for å forhandla fram nye.

Styret må syta for at dette vert gjort straks etter årsmøtet.

### **Sak 13/2019: Eventuelt**

Skriv frå Arnfinn Beito i Kleppe-saka ble vedteke å lesa opp på årsmøtet og senda til NSG.

Skrivet skal ikkje takast inn i referatet.

Vinstra, 17. januar 2019.

Pål Kjorstad, sekretær